



# Møremusikarordninga: Arrangørtilskot til innleige av profesjonelle frilansmusikarar

## Retningslinjer for ordninga

Retningslinjene for ordninga vart vedtatt i kultur- og folkehelseutvalet sitt møte 22. oktober 2024, i sak 52/24.

## Formål

Tilskotsordninga skal bidra til å sikre gode profesjonelle musikktenester til kulturlivet og å legge til rette for kulturarrangement med høg kvalitet i Møre og Romsdal.

Ved å støtte dei profesjonelle musikarane sin kunstnarlege aktivitet legg også ordninga til rette for at fleire kan bu og leve av kunsten sin i fylket vårt.

Tilskotsordninga skal bidra til å nå måla i planverket til fylkeskommunen.

- [Fylkesplan 2025–2028](#)
- [Fylkesstrategi for kultur, frivillig sektor og arenaer 2022–2025](#)

## Kven kan søke om støtte?

- Konsertarrangørar
- Kulturinstitusjonar
- Det frivillige musikklivet
- Det lokale næringslivet

Arrangøren har ansvar for å planlegge, organisere og gjennomføre prosjektet. Dei har det overordna ansvaret for gjennomføringa av arrangementet. Det er denne arrangøren som skal sende inn søknaden.



### **Kven kan ikkje søke støtte?**

- Kommunar inkludert kulturskolar
- Fylkeskommunen
- Undervisningsinstitusjonar
- Arrangørar av private arrangement

### **Kva kan du søke støtte til?**

Som arrangør kan du søke om tilskot til honorar og reisekostnader til innleigde og namngitte enkeltmusikarar som skal medverke i desse arrangementa:

- alle typar konsertar
- instruksjonsoppdrag
- akkompagnement
- arrangering og komponering i samband med konsertar
- assistansespel i amatørensemble
- profesjonelle ensemble
- kulturelle innslag ved f.eks. kurs, konferansar og møter, solistoppdrag, kursverksemd

Det blir ikkje gitt støtte til arrangement som har blitt gjennomført før søknadsfristen. Arrangement får ikkje støtte når framføringsdato er under 4 veker etter søknadsfrist.

### **Søknadsfrist**

Ordninga er open heile året og behandlast etter fire fristar:

15. januar, 15. mars, 15. mai og 1. oktober

### **Generelle krav som må oppfyllest**

- Ein profesjonell musikar må ha kunstfagleg utdanning på bachelornivå eller høgare eller kunne vise til kunstfagleg realkompetanse og profesjonell verksemd.
- Tilskotet frå fylkeskommunen skal synleggjerast ved marknadsføring.



- Innleigde profesjonelle musikarar skal behandlast likt og lønnast etter bransjestandard. Arrangørane skal bruke Creo sine frilanssatsar eller nasjonale satsar for Den kulturelle skolesekken (DKS).
- Godtgjering for reise, diett og eventuell overnatting skal skje etter Statens regulativ.

For å fremme tilgjengelegheit og inkludering oppfordrar vi alle søkarar til å bruke prinsippa om universell utforming. Da kan prosjekt og tiltak vere tilgjengelege for alle deltakarar uavhengig av fysiske eller kognitive føresetnader.

## **Dette må søknaden din innehalde**

Søknad må leverast elektronisk i god tid før arrangementet skal gjennomførast. I tillegg må den innehalde:

- namn på arrangør, organisasjonsnummer og kontaktperson
- namn på arrangementet, stad og dato for gjennomføring (inkludert lokale og kommune)
- kort beskriving av arrangementet, innhald, plan for gjennomføring, målgruppe, forventa deltakarar, samarbeidspartar, program
- arrangementstype for eksempel ulike konsertar, assistansespel, instruksjon, seminar
- namn på kvar enkelt profesjonelle muskar du ønsker eller har avtalt å leige inn
- eventuelle amatørar som skal stå på scena saman med den eller dei profesjonelle musikaren eller muskarane.
- budsjett som viser utgifter og inntekter. Muskarhonorar per muskar og forventa kostnader til reise må også komme fram
- framdriftsplan (tidsplan for tiltaket)

## **Slik prioriterer vi kven som får støtte**

Søknadane blir vurdert og prioritert etter desse kriteria:

- Arrangement med profesjonelle muskarar som bur i fylket
- Arrangement der amatørar opptre saman med profesjonelle muskarar på scena



- Frivillige lag og organisasjonar som treng profesjonelle musikarar for å heve kvaliteten på prosjektet
- Arrangement som medverkar til å nå måla i planverket til fylkeskommunen

For å sikre eit best mogleg mangfald av kulturarrangement i Møre og Romsdal, blir det gjennom året gjort ei heilskapleg vurdering av kva type arrangement og søkar som har fått støtte. Vi ser òg på kor arrangementa er gjennomført. I tillegg ser vi på om det er gjentakande søkarar på både denne og andre fylkeskommunale tilskotsordningar.

Ideelle og religiøse organisasjonar som søker om støtte skal likestillast.

## Saksbehandling

Kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune behandlar søknaden din så fort som mogleg. Etter at søknaden er behandla vil du få svar på søknaden din skriftleg. I tildelingsbrevet finn du opplysningar om tildelt sum og kva vilkår som må vere oppfylte før du kan få støtta utbetalt. I avslagsbrevet finn du grunnlag for avslaget. I begge breva finn du informasjon om korleis du kan klage.

## Vilkår for tildeling

Tildelinga kan maksimalt utgjere 50 prosent av det totale budsjettet. Dersom rapporten viser at den reviderte rekneskapen er lågare enn budsjettet, kan tilskotet bli avkorta.

### 1. Du må sei ifrå om endringar

Prosjektet eller tiltaket må gjennomførast slik det er søkt om og i tråd med grunngivinga i vedtaket. Viss det er nødvendig å gjere endringar må du avklare det med fylkeskommunen på førehand. Vi minner om at støtta frå fylkeskommunen maksimalt kan utgjere 50 prosent av det totale budsjettet. Viss tiltaket ikkje gjennomførast som planlagt, eller kostnadene blir lågare enn budsjettet, kan støtta bli redusert.

### 2. Du må rapportere og føre rekneskap for prosjektet

Rapporten skal blant anna gjere greie for gjennomføringa av arrangementet i forhold til søknaden.



Prosjektrekneskapen skal vise korleis støtta er brukt og settast opp slik at det kan samanliknast med budsjettet du sendte i søknaden. Støtta frå fylkeskommunen skal spesifiserast i prosjektrekneskapen.

Rapporten skal innehalde namn på musika(ar) som vart brukt, kort beskriving av arrangementet og tal på deltakarar/publikum. Det må leggjast ved program, plakat, omtale, bilde eller anna som viser at prosjektet er gjennomført. I prosjektrekneskapen skal honorar for kvar enkelt musika vere synleggjort.

For tildelingar under 350 000 kroner skal sluttrekneskapen vere kontrollert og signert av nokon som ikkje har vore med i føringa av rekneskapen. For tildelingar over 350 000 kroner, skal det framleggast rekneskap godkjent av autorisert revisor.

### **3. Du må få sluttrapporteringa godkjent for å få utbetalt støtta**

For å få utbetalt tildelinga di, må du sende inn sluttrapport. Når saksbehandlar har godkjent rapporten din blir beløpet betalt ut. Du må sende rapport seinast tre månader etter at arrangementet er gjennomført.

Har du ikkje bedt om å få støtta di utbetalt, vil den falle vekk etter to år.

Rapport og rekneskap skal sendes elektronisk via fylkeskommunen sitt nettbaserte rapporteringsskjema, seinast tre månader etter at prosjektet er ferdig.

Rapporteringsskjema finn du via denne lenka: <https://dialog.mrfylke.no/dialogue/>

### **4. Du må synleggjere støtta du får**

Støtta frå fylkeskommunen skal synleggjerast ved marknadsføring. Det skal òg komme fram i årsmelding og eigen post i rekneskapen at det er mottatt tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune. [Logoen til fylkeskommunen finn du ved å følge denne lenka.](#)

## **Viss du ikkje følger vilkåra**

Har du gitt ufullstendige eller feilaktige opplysingar i søknaden din, kan vi krevje at du må betale tilbake heile, eller delar av, støtta. Dersom vi ved ein feil utbetaler for mykje, skal det som er utbetalt for mykje betalast tilbake.



Ved hjelp av rapporten du leverer vil vi kontrollere at vilkåra er følgt, og du må gi alle nødvendige opplysingar for at fylkeskommunen kan gjennomføre denne sjekken. I tillegg vil det bli gjort tilfeldige utvida stikkkontrollar blant dei som har fått støtte i ordninga.

## Du har rett til å klage

Vedtak i tilskotssaker er eit enkeltvedtak ifølge forvaltningslova § 28. Det betyr at du kan klage innan tre veker frå den dato du fekk brevet.

Om du sender inn ei klage, vil kulturavdelinga gjere ei ny vurdering i saka. Dersom ikkje vedtaket blir omgjort, blir klaga oversendt fylkeskommunen si klagenemnd for behandling. Det må påreknast noko saksbehandlingstid.

Klaga og eventuell dokumentasjon kan sendast digitalt via e-Dialog, som du finn gjennom denne lenka: <https://svarut.ks.no/edialog/mottaker/944183779>

## Ei presisering om kulturtilskot

Kulturtilskot er ei moglegheit for støtte til gode prosjekt, men ikkje ei garanti. Tildelinga skjer ut frå fastsette retningslinjer, krav og prioriteringar, som er opne og tilgjengelege for alle.

Tilskotsmidlane er avgrensa, og det kjem ofte fleire søknadar enn det er midlar til. Derfor vurderer fylkeskommunen søknadane etter ei heilskapleg skjønnsutøving. Sjølv søknadar som oppfyller alle krava, kan få avslag eller ein lågare sum enn søkt beløp.

For å kunne gi tilskot, må vi ha nok midlar i budsjettet.